

## Haddal skule viktig Blåtinden barnehage

For første gong sidan utbygging av ny småbarnsavdeling i 2015 har Blåtinden barnehagen i år ikkje kunne tilby plass til alle som søkte i hovudopptaket. I søknadsprosessen før denne utbygginga var kommunen skeptisk til behovet fleire plassar, og slik sett er det kjekt å vise at vi er ein krins i vekst og at vi gjorde rett den gongen. Samtidig er det uheldig om vi hamnar i ein situasjon der vi ikkje kan tilby plass til dei frå krinsen som ynskjer plass, og vi har difor begynt å sjå på kva grep vi kan gjere om veksten held fram. Det vert difor ekstra spesielt å vere vitne til skulenedleggingsdebatten i år, der minkande barnetal i krinsane er hovudparolen.

Blåtinden Barnehage er ein foreldreeigd barnehage, som dei siste åra verkeleg har blomstra. Vi har eit motivert, profesjonelt og samansveisa personale som brenn for å lage gode opplevingar for borna våre med fokus på berekraft, miljø og natur. Foreldregruppe stiller med glede opp med dugnadssinnsats for å legge til rette for effektive og spennande kvardagar, og berre siste året har ivrige foreldre brukta over 300 timer på å vedlikehalde og forbetra bygningsmasse og uteområde. I sum gjer dette at vi barnehagen kan leve ha høg kvalitet samstundes som vi har ein sunn økonomi, og dette har gjort at fleire andre barnehagar har kome på besøk for å få tips og inspirasjon til si eiga drift.

Overgangen frå barnehage til skulen kan virke skummel for barna, og Blåtinden barnehage har difor eit svært godt samarbeid med Haddal skule for å sikre ein god overgang til 1. klasse. I tillegg til dei formelle overgangssamtalane, vert det også avtalt besøk for å treffe 1. og 2.-klassingane slik at førskulegruppa gradvis skal verte førebudde på skulestarten. Før Covid-19 var det også ein tradisjon at førskulegruppa planta poteter før dei slutta i barnehagen, for så å komme på besøk for å plukke dei på hausten. Denne tradisjonen gler vi oss til å ta oppatt i år. I tillegg gler personalet seg til å endeleg kunne ta imot dei som ønsker å kome på besøk oftare, men har måtte halde seg utanfor porten dei siste to åra. Sidan skulen ligg rett ved sidan av, ser vi også at det ofte vert samtalar og leik mellom vene i kvar si side av gjerdet i friminutta. Ein mjukare overgang mellom barnehage og skule skal ein leite lenge etter.

Ei nedlegging av Haddal skule vil derimot sette alt dette på spel. Vi veit at det vil bli ei oppsplitting av barnegruppa mellom Møre og Hasund, og med to skular og større avstandar vert det svært krevjande å få til noko som liknar det opplegget vi har i dag, og ein kan ende med å stå tilbake med berre det lovpålagde.

Men det stoppar ikkje der. Vi trur at ei skulenedlegging vil føre til fråflytting, manglande tilflytting, og barn som må til andre barnehagar for å få familiekabalen til å gå opp, og at summen av dette fort kan føre til at driftsgrunnlaget for denne fantastiske barnehagen fell saman. Frykta for nedgang i barnetalet i krinsen vert ein sjølvoppfyllande profeti.

Vi set difor vår lit til at fleirtalet i kommunestyret vel barna sitt beste og framtidstru framfor pessimismen som rir enkelte som ei mare. La Haddal bløme vidare med både skule og barnehage!

Styret i Blåtinden barnehage, Haddal